



Valen Kraftverk AS

Fallrettane tilhøyrande Valen og Handeland gard vart overført til Valen kraftverk AS i 2003. «Avtale om formalisering av overføring av fallrettigheter mv.» vart signert den 05.11.2007 og tinglyst den 21.11.2007. (Vedlegg 18)

Gnr. 183 bnr. 44

Denne nausteigedomen på Handeland har ein vegrett over gnr. 183 bnr. 1 som vart etablert i 1984. Vegretten vil verte tinglyst om kort tid.

Frådelingar, korrigering av grense på kart, areal tilhøyrande andre eigedomar mv.

Avtale om minneleg jordskifte

Det er inngått avtale om minneleg jordskifte mellom Hordaland fylkeskommune og eigarane av gnr. 185 bnr. 16, gnr. 185 bnr. 17, gnr. 185 bnr. 32 og gnr. 185 bnr. 33. Dokumentet er tinglyst. Dei 4 eigedomane har rettar i utmarka til gnr. 185 bnr. 2 (Søre Valen). Av dokumentet går det fram kva for rettar som er avtalt avløyst mot at rettshavarane får frådelt og overført til seg areal på tilsaman ca. 21 da. (Vedlegg 19.)

Avtalen er sendt til jordskifteretten for attestering. Når jordskifteretten har gjeve attest vert saka sendt til matrikkelføring og tinglysing.

Avtale om makeskifte

Mellan Hordaland fylkeskommune og eigar av gnr. 185 bnr. 32 er det inngått ein avtale om makeskifte. Makeskiftet omfattar ein nausteigedom på ca. 140 m², Torsviknaustet, og eit beiteareal på

ca. 6 mål, Bakkaviddo. Ved gjennomføring av makeskiftet vil dei to areala verte frådelt, og dei skal ikkje følgje med ved salet av garden.

Frådelingssakene er til handsaming i kommunen.

(Vedlegg 20)

Gnr. 183 bnr. 4-tilleggsareal

Eigarane av gnr. 183 bnr. 4 har kjøpt eit tilleggsareal på ca. 2 mål av fylkeskommunen. Sjå kartskisse. (Vedlegg 21). Frådelingssaka er om kort tid fullført, og det vil bli oppretta eit nytt gards- og bruksnr. Avtale om vegrett vil bli tinglyst.

Kraftstasjonar på Valen - tilleggsareal

Tidlegare frådelte areal rundt kraftstasjonane på Valen vil få tilført tilleggsareal frå garden. Samla areal rundt kraftstasjonane vil bli som vist på vedlagte kart. Arealoverføringssaka er til handsaming i kommunen. (Vedlegg 22)